

## Referat Fagrådet

**Møtetid:** 12.september 2019 kl 10.00 – 14.00

**Stad:** Helsetunet i Dale

**Møteleiar:** Randi Ytrehus

**Referent:** Randi Holsen Solheim

Deltakarar			
Namn	Tittel	Eining	Forfall
Randi Ytrehus	Kommunalsjef	Bremanger kommune	
Elin Sørbotten	Samhandlingskoordinator	KS Sogn og Fjordane	
Jan Helge Dale	Kommuneoverlege	Flora kommune/Koordineringsrådet	
Kirstin Bruland	Kommunalsjef	Jølster kommune/ SIS	
Hilde Tenold,	rådgjevar pleie og omsorg	Vik kommune	
Kjersti Valvik	tenesteleiar bistand og omsorg	Fjaler kommune/ HAFS	
Trine Vingsnes	Fagdirektør	Helse Førde HF/ Koordineringsrådet	
Mads Rekve	avdelingssjef Psykisk Helsevern	Helse Førde HF	x
Margunn Thue	stadleg leiar Lærdal sjukehus	Helse Førde HF	x
Laila Haugland	Avdelingssjef medisin	Helse Førde HF	
Tone Holvik	Samhandlingssjef	Helse Førde HF	
Tom Guldhav	Klinikkdirektør KIR	Helse Førde HF	
<b>Observatørar:</b>			
Jan Ove Tryti	PKO	Helse Førde/ Sogn	
Normund Svoen	PKO	Helse Førde HF/ Sunnfjord	
Anne Stubdal	PKO	Helse Førde HF/ Nordfjord	

Sak nr.	Tema:
23/19	Leiar Randi Ytrehus ønskte velkommen til Fjaler. Innkalling og sakliste godkjend utan merknad.
24/19	Godkjenning av referat frå siste møte, ok.
25/19	Nytt fagråd vil vere gjeldande frå novembermøtet, og då også endring leiarfunksjon. Tone presenterte representantane frå HFD. <ul style="list-style-type: none"> <li>• Trine Vingsnes, fagdirektør /Koordineringsrådet</li> <li>• Toril Taklo, avdelingssjef psykisk Helsevern barn og unge</li> <li>• Tom Guldhav, direktør kirurgisk klinikk</li> <li>• Laila Haugland, avdelingssjef medisinsk avdeling</li> <li>• Margun Thue, stadleg leiar Lærdal sjukehus</li> <li>• Tone Holvik, samhandlingssjef</li> <li>• Anne Stubdal, praksiskonsulent (observatør)</li> <li>• Normund Svoen, praksiskonsulent (observatør)</li> <li>• Jan Ove Tryti, praksiskonsulent (observatør)</li> </ul> Vara: <ul style="list-style-type: none"> <li>• Olav Hesjedal, direktør Medisinsk klinikk (for Trine Vingsnes)</li> <li>• Robert Brennersted, avd.sjef avd. for akuttmedisin (for Tom Guldhav)</li> </ul>

	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Øyvin Myrmel, avdelingssjef psykisk helsevern ISP (for Toril Taklo)</li> <li>• Robin-Andre Sørland, avdelingssjef LMBB (for Laila Haugland)</li> </ul> <p>Kommunerepresentantane er førebels ikkje klare – interkommunal samhandlingskoordinator fylgjer opp dette. Helse Førde har leiarfunksjonen frå neste møte.</p> <p>Representanten Dale informerte om si oppfordring til KS, etter etablering av Vestland, om å sjå på korleis kommunane let seg representere i samhandlinga med HFD.</p>
26/19	<p>Praksiskonsulentane Svoen og Stubdal orienterte om;</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1) Arbeidet med implementering av pakkeforløp psykiatri i kommunane. Her har det vore fokus på henvissningsrutiner saman med kommunelegane.</li> <li>2) PKO med i undervisning av LIS-1</li> <li>3) Grunnlagsdokument om praksiskonsulentordninga</li> <li>4) Tankar om etablering av nytt samarbeidsorgan – Legeråd. Bakgrunn for framleggget er eit generelt press på fastlegeordninga. Fagrådet diskuterte om dette er aktuelt, og ynskjer at samhandlingspartane undersøkjer interesse for etablering i eigen organisasjon. Samhandlingskoordinator og samhandlingssjef tek ansvar for utgreiing av saka til seinare møte i fagrådet. Kommunalnettverka bør få høve til å diskutere saka. Føretaksleiinga har drøfta saka og er positive til at fagrådet initierer ei utgreiing av aktuell modell for samarbeidet.</li> <li>5) Endring ved Hudavdelinga har medført ulike problemstillingar i kommunane. Dialog pågår.</li> </ol> <p>I prosjekt for rekruttering av legar vil Jan Ove Tryti vere deltakar.</p>
27/19	<p>Irene Barmen Hoel og Kjellaug Berntsen deltok på video, og presenterte samhandlingsavvik hittil i år. Helse Vest har arbeidd med felles kategorisering av samhandlingsavvik, noko som tydleggjer avviksstatistikken. Syner til eigen presentasjon.</p> <p>Elin Therese Sørbotten presenterte arbeidet frå gruppa som har fokus på samhandlingsavvik, og stilte spørsmål om arbeidet er tenleg organisert med rett fokus i høve læring på tvers. Tilbakemeldingar om at dagsamlingar er lærerike, men erfaringsslæringa ut til alle er utfordrande. Ho utfordra Fagrådet på kva som er viktig å jobbe med framover?</p> <p>Fagrådet signaliserte at gruppa sitt arbeid er viktig, og synte til «Les og lær» som med hell har vore nytta i kirurgisk klinikks HFD. Elin Sørbotten og Tone Holvik vert oppfordra til å sjå på denne metodikken, og i tillegg bør ein i det vidare arbeidet sjå på fellesnemnarar og gjengangarar i samhandlingsavvika.</p>
28/19	LIS-situasjonen i spesialisthelsetenesta og kommunehelsetenesta vart presentert av Trine Vingsnes og Jan Helge Dale. Fleire uavklarte problemstillingar i høve til samfunnsoppdraget og stabil rekruttering både i spesialisthelsetenesta og kommunane. Fagrådet tok orienteringa til vitande.
29/19	Tom Guldhav orienterte om utviklinga i det prehospitalte tenesteområdet frå 1980 og fram til i dag. Han synte til prosess og «headlines» i arbeidet med Prehospital plan, som elles er forventa slutthandsama i HFD sitt styremøte 16.desember. Sjå eigen presentasjon.
30/19	Trine Vingsnes presenterte nasjonal handlingsplan for å eliminere hepatitt C – samla plan for kommunane og Helse Førde. Eigen presentasjon syner mål og bakgrunn. Fagrådet tek orienteringa til vitande, og sluttar seg til Vingsnes sin plan om opprettning av arbeidsgruppe. Kjell Arne Nordgard vert oppfordra til å delta frå Kinn. Kirstin Bruland syter for oppnemning frå Sunnfjord kommune, Saka går til koordineringsrådet.
31/19	Randi Ytrehus og Elin Sørbotten orienterte frå stortingsmeldinga - Leve heile livet. Det regionale støtteapparatet skal jobbe ut mot dei ulike kommunane. Sjå eigen presentasjon
32/19	Prosjektleiar Marte Lode deltok på video, og orienterte om Vel heim-prosjektet i Helse Vest. Sjå eigen presentasjon.

33/19	Allmenlegar med eit år praksis i sjukehus - i samband med allmenlegespesialisering (LIS 3) Saka vart drøfta saman med Vingsnes si sak 28/19 – fagrådet tek det til vitande.
34/19	Informasjon om status elektronisk meldingsutveksling på polikliniske konsultasjonar, samt inneliggande ergo- og fysiopasientar vart presentert av Randi Anne Fauske. Fauske deltok på video, og opplyste at meldingane førebels er einvegskommunikasjon – frå føretaket til kommunane.
35/19	Marit Solheim deltok på video, og presenterte revisjon av Helse Førde sin strategi for forsking og innovasjon. Sjå eigen presentasjon.
	Evaluering av møtet – videoutstyr og -aktivitet fungerte greit. Stramt program, men viktig med fagdiskusjonar – vere obs på dette til planlegging av seinare møter – kanskje ikkje så mange saker. Leiar Ytrehus retta takk til Fjaler kommune for vertskapsrolla, og takka elles for seg som leiar av Fagrådet i perioden.